



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Festsalen, Florø kulturhus
Dato: 09.04.2024
Tid: Kl. 09:00 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Jan Gunnar Holvik	INP
Lillian Bratholmen	INP
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Doris Christensen	Kinn AP
Ninja Tolo Ness	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Stine Kråkenes Øvrelid	Kinn AP
Tor Åge Gravdal	Kinn AP
Tove Lill Refvik Volle	Kinn AP
Kjell Bjørn Refvik	Kinn FrP
Kjell-Magne Kvalheim	Kinn FrP
Ronny Mobakken	Kinn FrP
Anett Berg	Kinn H
Arlene Vågene	Kinn H
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H
Mats Brunsvik	Kinn H
Morten Andreas Hagen	Kinn H
Ørjan Kvalheim	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Kjell-Jarle Oldeide	Kinn Rødt
Anita Eikevik	Kinn SP
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Sidsel Fænn Kongsvik	Kinn SP
Bente Nilsen	Kinn SV
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Edvard Iversen	Kinn V
Jacob André Telvik Nødseth	Kinn V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP	Bjarne Holme	Kinn FrP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP	Martin Inge Eikås	Kinn FrP
Bente Olseth	Kinn H	Siri Sunde	Kinn H
Håkon Skram Heggen	Kinn H	Solbjørg Myrhaug Teige	Kinn H
Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt	Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Kjell Heggen	Kinn Rødt		
Anne Marit Seljeseth	Kinn V	Hilmar Eliasson	Kinn V

Andre som møtte:
Vilde Johannesen

Møtenotater:**Frå administrasjonen møte:**

Kommunalsjef Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef Runa Nybakk, kommunalsjef Norunn Stavø, kommunalsjef Linda Nipen og sekr. Irene Løken.

Saker som vart utsatt:

055/24 Spørsmål - Intensjonsavtale sal av kai G-området.

056/24 Interpellasjonar:

006/24 Kjernekraft, løsning på fremtidens energibehov?

007/24 Uteområdet Florø barneskole

008/24 Bygninger til forfall i Måløy og Florø

009/24 Etablering av nærvarmeanlegg

010/24 Sanksjoner Israel

(repr. Hilmar Eliasson (v) ønsker at interpellasjon 010/24 blir handsama først i neste møte.)

Orienteringar:

Årsresultat - nokre viktige indikatorar, prinsipp for rammer for ny økonomiplan v/kommunalsjef Linda Nipen.

Orientering frå tenestene om:

- Resultat tenesteområda
- Status og utfordringar for rammerevisjon i juni
- Utval økonomi og kvalitetsindikatorar
- Arbeid med kvalitet i tenestene

Frå Helse og velferd orienterte:

Kommunalsjef Norunn Stavø, rådgjevar Robert Kalsvik og tenesteleiar Rakel Garnes.

Frå Samfunn, kultur og miljø orienterte:

Kommunalsjef Rolf Bjarne Sund, leiar reinhald Tove Lill Refvik Volle og teknisk sjef Frode Ellingsund.

Frå Oppvekst orienterte:

Kommunalsjef Runa Nybakk, rektor Bjørn Wilhelmsen og Iselin Ytre-Haug frå Eikefjord barne- og ungdomsskule.

Arbeid med oppdaterte folketalsprognose – Strategi og samordning

v/ Trude Gulbrandson - presentasjonen ligger på heimesida "Befolkningsutvikling".

Presentasjon frå Ungdom og Fritid om ungdomsmedverknad – Ungdommens kommunestyre v/Linn Hattvang.


NOMIL v/Bent Arnestad.

Florø 10.04.2024

Bengt Solheim-Olsen
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
048/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
049/24	Godkjenning av møteprotokoll
050/24	Alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2024 - 2028
051/24	Skjenkeløyve - Havfruen AS- Kraftstasjonen - 2020-2024
052/24	Kvalitetsmelding for grunnskulen i Kinn skuleåret 2023-24
053/24	Lovlegkontroll - kommunestyresak 021/24
054/24	Val av medlemmer til sakkyndig nemnd og overtakstnemnd for eigedomsskatt 2023 - 2027 - Retting av feil val
055/24	Spørsmål
056/24	Interpellasjonar



Saksnr.	Utval	Møtedato
048/24	Kommunestyret	09.04.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste

KOST- 048/24 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Kommunestyret 09.04.2024:

Repr. Geir Oldeide (Rødt) etterspør utsatt sak om politisk organisering og oppdatering av reglement, ordførar svarer at det kjem sak om dette seinare.
Minner også om val av setteordførar.

Repr. Sidsel Kongsvik (Sp) etterspør informasjon om nye båtruter, og sak til formannskap/kommunestyre. Ordførar: det er bedt om møte med Skyss og Norled.
Repr. Ola Teigen (Ap): viktig å få sak om om båtrutene, og nemner også at ladestasjonar ikkje er på plass.

Repr. Gustav Johan Nydal (Krf) - valgt til settevaraordførar.

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknad.

Godkjenning av sakliste:

Ingen merknad.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 048/24 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
049/24	Kommunestyret	09.04.2024

Godkjenning av møteprotokoll

KOST- 049/24 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Kommunestyret 09.04.2024:

Røysting:


Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 049/24 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 12.03.2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
014/24	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	19.03.2024
050/24	Kommunestyret	09.04.2024

Alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2024 - 2028

KOST- 050/24 Vedtak:

Kinn kommunestyre vedtek alkoholpolitisk retningslinjer slik det kjem fram av vedlagte dokument; "Alkoholpolitiske retningslinjer 2024-2028" med slik presiseringa i punkt 6.5 og 6.6:

6.5 Uteservering

- Skjenkeløyve kan gjevast for uteareal som er ein naturleg forlenga del av ein godkjent skjenkestad.
- Dersom skjenkestaden ikkje eig grunnen for omsøkt uteservering, må det føreligge godkjent leigeavtale med grunneigar før løyve kan gjevast.
- Skjenkeløyve kan gjevast ved særlege friluftsansettment som festivalar, konsertar, messer etc., med mindre dei berre har barn under 18 år som målgruppe.
- Skjenkeareal på uteservering må vere klart avgrensa mot areal som ikkje er skjenkeareal.

6.6 Avgrensingar ved handsaming av skjenkesøknader

- Skjenkestaden anbefalast å ha meir enn ein godkjent stadavløysar.
- Det skal ikkje gjevast skjenkeløyve på stader berekna berre for barn under 18 år.
- Det kan fastsetjast redusert skjenketid for skjenkeløyve der lokalet ligg i bustadområde.
- Det vil ikkje verte tildelt skjenkeløyve til éin-prosents MC-klubber, eller klubber som sympatiserer med disse klubbene.

Kommunestyret viser til at det har vore problematisert frå ungdommen i Florø at det ikkje er skjenkestadar for myndige unge frå 18 år inntil dei fyller 20 år. Kommunestyret ber bransjen gjennom sin praksis med aldersgrenser om å legge til rette for at også denne befolkningsgruppa, som vi gjerne vil at skal finne kommunen attraktiv å bu i, kan nyte alkohol under ordna former som skjenkestader er, og ikkje berre bli henvist til andre uorganiserte arenaer. Kommunestyret tek difor atterhald om å kunne endre retningslinjene gjennom perioden og dermed også kunne sette vilkår ved tildeling av skjenkeløyver, dersom dette er eit problem som vedvarer. Det skal vere mogleg å ha utestadar med sakleg aldersgrense utover 18 år, men utfordringa oppstår i en situasjon der alle skjenkestadar har slike grenser som gjer at det ikkje finst eit einaste tilbod til myndige under 20 år.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 19.03.2024

1. Kinn kommunestyre vedtek alkoholpolitiske retningslinjer slik det kjem fram av vedlagte dokument; «Alkoholpolitiske retningslinjer 2024-2028»
2. Løyver vert forlenga i 4 nye år (vedlagt liste), med utløp 30. september 2028, for eksisterande faste sals- og skjenkeløyve i Kinn. Dette gjeld også for utsala til Vinmonopolet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek alkoholpolitiske retningslinjer slik det kjem fram av vedlagte dokument; «Alkoholpolitiske retningslinjer 2024-2028»
2. Løyver vert forlenga i 4 nye år (vedlagt liste), med utløp 30. september 2028, for eksisterande faste sals- og skjenkeløyve i Kinn. Dette gjeld også for utsala til Vinmonopolet

Bakgrunn for saka:

Kinn kommunestyre skal fastsette retningslinjer for tildeling av løyve for sal, utlevering, servering og skjenking av alkoholhaldig drikk m.m. jfr Alkoholova §1-6 (LOV-1989-06-02-27, sist endra av LOV-2021-05-07-34 frå 01.06.2021). Kinn kommune skal vedta prinsipp og retningslinjer for administrativ og politisk handsaming, og oppfølging av den einskilde søknad om løyve for sal, utlevering og skjenking av alkoholhaldig drikk for perioden 2024-2028.

Saksopplysningar:

Kinn kommune sin alkoholpolitikk skal i løyveperioden 2024-2028 bygge på alkoholova sitt formål om å avgrense skader forårsaka av alkoholbruk, og redusere forbruk av alkohol. Retningslinjene skal vere styrande for alkoholpolitikken i kommunen under det sittande kommunestyret.

Kommunen skal etter Lov om folkehelse (folkehelselova, LOV-2011-06-24-29, sist endra frå 01.01.2024) bruke alle sine sektorar for å fremje folkehelse, ikkje bare helsesektoren. Kommunen si forvaltning av alkoholova er eit viktig område i denne samanhengen. Kommunen sin alkoholpolitikk skal vere eit viktig verkemiddel for i størst mogleg utstrekking å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan innebere. Retningslinjene skal samstundes vere med på å gje rammer for trygge og positive opplevingar rundt stader der det er naturleg å selje og servere alkohol.

Kommunen sine retningslinjer for sal og skjenking av alkohol er eit tydeleg signal om kommunen si haldning til rusmidlar. Retningslinjene skal også vere eit viktig bidrag/verkemiddel i arbeidet med å skape bevisste haldningar til rusmidlar hos innbyggjarane i kommunen.

Denne saka skal fastsetje kva opnings-, sals- og skjenketider som skal gjelde i kommunen, krav om internkontrollsystem, kontroll ved utøving av dei gjevne løyva og forvaltning av systemet med prikkbelastning ved brot på alkoholova og tilliggjande lovverk.

Sal, utlevering og skjenking av alkoholhaldig drikk skal berre skje ved at det er gjeve kommunalt løyve til dette. Det er Kinn kommunestyre som kan gje løyve til allment sal og skjenking av alkoholhaldig drikk. Likevel slik at §11-8 i kommunelova om hastevedtak i formannskapet gjeld om kommunestyret har gjeve godkjenning for slik praksis ved særskilde høve.

Kommunale løyver kan gjevast for ein bestemt del av året, og for eit enkelt bestemt høve, anten til slutta lag (ambulerande), eller til eit ope arrangement (einskildløyve).

Ved vurdering om kommunale løyver skal bli gjeve, kan kommunen mellom anna legge vekt på tal skjenkestader ein ønskjer å ha i kommunen, verksemda sin karakter som

serverings- og skjenkestad, fysisk plassering i høve andre aktivitetar og tiltak, målgruppe, trafikk- og ordensmessige tilhøve, næringspolitiske omsyn og omsyn til lokalmiljøet elles. Det har ikkje vore tak på tal fa ambulerande- eller einskildløyver i Kinn kommune. Kommunedirektøren legg opp til at dette vert vidareført.

Kinn kommune vil stille krav om at før løyve vert gjeve skal den enkelte verksemd kunne dokumentere at skriftleg system for internkontroll er utarbeidd og sett i verk. Dette er ikkje minst viktig for å komme i møte dei føresetnader både engasjerte kontrollørar, Mattilsynet, Arbeidstilsynet og Politiet har for sitt arbeid.

Kinn kommune har ikkje sett krav om aldersgrense for skjenkeløyve til serveringsstadane med fast skjenkeløyve. Alle skjenkestader har fått innvilga skjenking av alle typar alkohol. Utelivsbransjen er ansvarleg for forsvarleg drift. Kommunedirektør vil råde til at denne praksisen vert vidareført. Verken alkohollova eller diskrimineringslova støttar krav til at all skjenkestadar skal ha 18 års aldersgrense.

Vandelsuttale

Før kommunestyret vedtek å gje løyve skal det etter lova innhentast uttale frå sosialtenesta og Politiet. I Kinn kommune er det Helse-, sosial- og omsorgsutvalget som har ansvar for alkoholsaker. Helse-, sosial- og omsorgsutvalet har ansvaret for å sjå saka ut ifrå eit alkoholpolitisk, og ikkje eit næringspolitisk perspektiv. Det er opp til Helse-, sosial- og omsorgsutvalet korleis dei definerer eit alkoholpolitisk perspektiv, likevel slik at ein ser det i høve til alkohollova. Politiet har ansvaret for å sjå saka ut ifrå deira perspektiv, mellom anna knytt til reglane om lov og orden i kommunen. Ein skal også sjå saka ut ifrå vurdering av vandel. Kommunen kan utan hinder av teieplikt hente inn slik uttale.

Opplysingar om skatte- og avgiftsspørsmål vert også henta inn utan hinder av teieplikt.

Lengda på kommunale løyver

Endring i alkohollova § 1-6, som tredde i kraft 1. januar 2016, inneber at gjeven løyveperiode er utvida til 30. september året etter at nytt kommunestyre er etablert, og at kommunale sals- og skjenkeløyve ikkje lenger må fornyast etter 4 år. Det er innført ein unntaksregel som gjev kommunen høve til, etter eit kommuneval, å vedta at alle eller einskilde løyver kan vidareførast i inntil 4 nye år utan krav om søknad om nytt løyve. Føresetnaden for å fatte slikt vedtak er at kommunen har føreteke ein gjennomgang av alkoholpolitikken etter kommunevalet. Kinn kommunestyre må i denne saka ta stilling til om denne unntaksregelen skal gjelde i kommunen. Kommunedirektøren rår til at alle løyver vert forlenga i 4 nye år, med utløp 30. september 2028.

Engrossal ved einskildløyve

Alkohollova § 1-4c opnar for engrossal av alkoholhaldig drikk til løyvehavarar med løyve for eit einskild bestemt høve. Dette føreset at styrar og avlørsar for løyvet kan dokumentere kunnskap om alkohollova og avgjersler gjeve i medhald av den. Seljar pliktar å forvise seg om at kjøpar har naudsynt løyve eller kan drive engrossal.

Normerte reglar for inndraging av løyver - prikktildeling

Endring i alkoholforskrifta, §§10-1 til 10-6 gjeldande frå 1. januar 2016, inneber innføring av prikktildelingssystem, med sakshandsamingsreglar og standardiserte reaksjonar for ulike former for avvik.

Krav til kontrollørar

Det er krav til at kontrollørar som skal kontrollere stader med sals- og skjenkeløyve må ha dokumentert kunnskap om alkohollova og avgjersler gjeve i medhald av alkoholforskrifta §9-3. Dette inneber at kontrollørar må ha bestått ei kunnskapsprøve som Helsedirektoratet har utarbeidd for kontrollørar.

I følgje Alkoholforskrifta § 9-5 er det krav om to kontrollørar ved kontroll av skjenkestader. Bakgrunnen for kravet er å sikre gode observasjonar og vurderingar.

Ved salskontrollar kan kommunen sjølv vurdere trongen for to kontrollørar.

Politirådet

Politirådet er tilsendt utkast av dei alkoholpolitiske retningslinjer og sekretær i avtale med kommunedirektør har svart ut at det ikkje er naudsynt å ha saka opp i politirådet. Politiet har fått tilsendt for uttale utkast av dei alkoholpolitiske retningslinjer 2024-2028, med tidspunkt for tilbakemelding. Der er ikkje komme nokre.

Samarbeid med bransjen

Kinn kommune har eit godt samarbeid med bransjen. I prosessen med dei nye alkoholpolitiske retningslinjene har Kinn kommune bede bransjen om innspel til retningslinjene, og invitert til dialogmøte. Tilbakemeldingar frå sal og skjenkestadane er at retningslinjene for 2024- 2028 er gode, og dei har ikkje nokon nye innspel.

Om tidspunkt for sal

I alkohollova § 3-7 står det at *"Salg og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 kan skje frå kl 08.00 til kl 18.00. På dagar før søn- og helligdager skal salget opphøre kl 15.00. Dette gjelder ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag. Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte salgssted innskrenke eller utvide tiden for salg i forhold til det som gjelder av første ledd. Salg og utlevering av drikk som nevnt i første ledd er likevel forbudt etter kl 20.00 på hverdager, og etter kl 18.00 på dagar før søn- og helligdager unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag."*

Kommunedirektøren vurderer tilhøva til at noverande ordning med tidsrom for sal av alkoholholdig drikk vert vidareført (08-20 kvardagar, og 08-18 laurdagar og dagar før helgedagar). Grunna dei utvida opningstidene til daglegvarebransjen igjennom åra rår kommune direktøren til ei noko kortare salstid på påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta. Dette for å imøtekomme alkohollova sitt formål om å avgrense skader forårsaka av alkoholbruk, og også for å ivareta barn og andre utsette grupper sine behov desse aktuelle dagane. Dette er tatt inn i punkt 6.1 i dei vedlagte alkoholpolitiske retningslinjene som skal vedtakast.

Digitale butikkar

I 2022 fekk 5 nærbutikkar i Kinn kommune salsløyve med teknologien RMA – butikkstyring (Fjernstyrt butikk). Salsløyvet gjeld og i tida butikken ikkje har personalet fysisk til stades.

Teknologiske løysingar identifiserer kundar via minibankkortet. Butikken vert overvaka av kamera, og kundar kan ha dialog med beteninga ved behov. Med den teknologiske løysinga er opningstidene utvida og vekslar mellom å vere bemanna og ubemanna. Sal av varer frå ubemanna butikk er ei nyvinning for lokale butikkar i distriktet med lågare omsetjing enn butikkar i sentrale strok. I den 2-års perioden butikkane har vore i drift har det ikkje komme avvik ved kontroll på dei 5 butikkane.

Om tidspunkt for skjenking og uteservering

Tidsinnskrenkingar for servering og skjenking av alkohol er fastsett i alkohollova § 4-4: *"Skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 kan skje frå kl. 13.00 til 24.00. Skjenking av annen alkoholholdig drikk kan skje frå kl 08.00 til 01.00. Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte skjenkested innskrenke eller utvide tiden for skjenking i forhold til det som følger av første ledd. Fastsett skjenketid kan utvides for en enkelt anledning. Skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 er forbudt mellom kl 03.00 og 13.00. Skjenking av annen alkoholholdig drikk er forbudt mellom 03.00 og 06.00."*

Kommunedirektøren vurderer at noverande ordning med tidsrom for opningstider og skjenketider vert vidareført.

Om kontroll av løyva

Noverande ordning med kontrollfunksjon, og delegerte fullmakter ved handsaming av einskildsaker ved brot på alkohollova og tilliggjande lov- og regelverk, rår kommunedirektøren til å vidareføre.

Om unge og alkohol

Kommunedirektøren ber kommunestyret ta stilling til om kommunen skal ha retningslinjer for sal og skjenking av alkohol til stader og arrangement som er i tilknytning til skular eller stader der unge ferdast. Dette har kommunedirektøren omtalt i punkt 6.5 og 6.6 i dei vedlagte retningslinene.

Om lengde på dei faste løyva

I samsvar med alkohollova §1-6, gjeldande frå 1. januar 2016, rår kommunedirektøren til at kommunestyret gjer vedtak om at eksisterande løyver for sal og skjenking av alkohol vert vidareført i inntil 4 nye år utan krav om ny søknad, og vert gjeldande i lengste tid til 30 september 2028. Nye løyver som vert søkt om i kommunestyreperioden vert gjort gjeldande i inntil 4 år og med opphøyr seinast 30. september 2028. Etter neste kommuneval må kommunestyret igjen ta stilling til ei eventuell forlenging av løyva i inntil 4 nye år utan krav om ny søknad.

Bakgrunnen for denne vurderinga og tilrådinga er at kommunen har god oversikt over og kontroll med dei gjevne løyva. Kommunen er framleis såpass liten at det er relativt enkelt å halde oversikt med bransjen. Løyvehavarar er raske med å ta kontakt om der skjer endringar i tilhøve som kan ha relevans for dei gjevne løyva. Kommunen tek også kontakt med løyvehavarar for avklaringar dersom det vert trong for det.

Rapportane kommunen mottok frå sals- og skjenkekontrollørane, syner at det er lite avvik og lovbrott å rapportere. Dette styrkar kommunen si vurdering av at det ikkje er behov for denne ekstrakontrollen det er å innhente nye søknader for dei som allereie har faste løyver.

Å søkje på nytt kvart fjerde år, med all dokumentasjon som skal skaffast og innleverast, i tillegg til at kommunen skal handsame desse søknadene, medfører mykje ekstraarbeid som ein no kan sleppe, både for bransje og kommune.

For dei som allereie har eit fast kommunalt løyve, er det viktigare at kommunen har ein tett dialog og kontroll med dei angåande oppbygging og overhaling av gode internkontrollsystem, og rolla som ansvarleg vertskap.

Om krav og vilkår for løyve

Jfr. Alkohollova §1-7c er det ikkje høve til å stille krav om bestått kunnskapsprøve ved tildeling av einskildløyve eller ambulerande løyve.

For å sikre ei tryggare og sikrere handtering av større einskildarrangement tilrår kommunedirektøren at det vert stilt vilkår til arrangør om ein god plan for opplæring og informasjon til vakter og servitørar. Helsedirektoratet har utarbeidd ein guide til god internkontroll, som også kan nyttast ved einskildarrangement. Denne tilrår kommunedirektøren å ta i bruk og nytte som rettleiar for arrangørar ved større arrangement. Dette vilkåret er tatt inn i dei politiske retningslinene punkt 6.7.

Om løyvegebyr

Jfr. Alkoholforskrifta § 6-2 skal det betalast løyvegebyr etter omsetning, også for einskildhøve. Desse løyvegebyra vert justert årleg av Helse- og omsorgsdepartementet. Kommunen kan ved særlege tilfelle bestemme at gebyret skal settast lågare enn forskrifta tilseier. For Kinn kommune sin del kan dette verte aktuelt ved arrangement i regi av frivillige lag og organisasjonar, der inntekta av alkoholsalet til dømes går til utvikling av grenda eller drift av laget. Dette er tatt inn i retningslinene under punkt 4.2.

Delegering til formannskapet

Kommunestyret må ta stilling til om formannskapet får godkjenning til å nytte kommunelova sin § 11-8 om hastevedtak ved særlege høve. Denne delegeringa er tatt inn i retningslinene i punkt 4.1.

Delegering til Kommune direktør

Kommunestyret må ta stilling til om kommune direktør får godkjenning for følgjande:

- Gje løyve til skjenking i slutta lag (ambulerande løyve)
- Gje løyve til skjenking ved einskildhøve
- Gje utvida eller innskrenka opnings- og skjenketid ved einskildhøve, innanfor gjeldande lovverk og forskrift
- Godkjenne utvida eller innskrenka skjenkeareal ved einskildhøve
- Godkjenne endring av styrar og avløyssar for ålment kommunalt løyve
- Godkjenne framlagt internkontrollsystem frå den einskilde sals-, serverings- og skjenkestad.
- Fastsetje og krevje inn det årlege gebyret kommunen kan krevje av dei som har kommunalt sals- eller skjenkeløyve.
- Ved særlege høve vurdere og godkjenne redusert løyvegebyr for frivillige lag og organisasjonar ved einskildhøve.
- Engasjere kontrollørar som skal kontrollere sals- og skjenkestadene slik alkohollova føreset.
- Gjennomføre reaksjonar og gjere einskildvedtak ved brot på lov og forskrifter. Kommunedirektøren rapporterer vedtekne reaksjonar til Helse-, sosial- og omsorgsutvalet fortløpande.

Økonomiske konsekvensar:

Desse retningslinene vil i utgangspunktet ikkje ha vesentlege økonomiske konsekvensar for kommunen. Det blir kvart år kravd inn gebyr frå den einskilde løyvehavar. Dette blir gjort i samsvar med gjeldande satsar og forventa omsetnad for gjeldande år, og minstegebyr vert nytta der det er aktuelt.

- **Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:**
Lov av 02.06.1989 nr 27 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v. (alkohollova) med seinare tillegg og endringar.
- Forskrift av 08.06.2005 nr. 538 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v. (alkoholforskrifta) med seinare tillegg og endringar.
- Forskrift av 08.06.2005 nr 539 om engrossalg og tilverknad av alkoholhaldig drikk m.v med seinare tillegg og endringar.
- Forskrift av 15.12.1994 nr. 1187 om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelavgjevinga (internkontrollforskrifta), med seinare tillegg og endringar.
- Lov av 25.09.1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven), med seinare tillegg og endringar.
- Lov av 10.02.1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven), med seinare tillegg og endringar.
- Guide til god internkontroll etter alkoholloven:
<https://helsedirektoratet.no/folkehelse/alkohol/guide-til-god-internkontroll-etter-alkoholloven>

Behandling i Kommunestyret 09.04.2024:

Endring i punkt 1 i forslag til vedtak frå HSO, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Kinn kommunestyre vedtek alkoholpolitisk retningslinjer slik det kjem fram av vedlagte dokument; "Alkoholpolitiske retningslinjer 2024-2028" med slik presiseringa i punkt 6.5 og 6.6:

"6.5 Uteservering

- Skjenkeløyve kan gjevast for uteareal som er ein naturleg forlengd del av ein godkjent skjenkestad.
- Dersom skjenkestaden ikkje eig grunnen for omsøkt uteservering, må det føreliggje godkjent leigeavtale med grunneigar før løyve kan gjevast.
- Skjenkeløyve kan gjevast ved særlege friluftssarrangement som festivalar, konsertar, messer etc., med mindre dei berre har barn under 18 år som målgruppe.
- Skjenkeareal på uteservering må vere klart avgrensa mot areal som ikkje er skjenkeareal.

6.6 Avgrensingar ved handsaming av skjenkesøknader

- Skjenkestaden anbefalast å ha meir enn ein godkjent stadavløysar.
- Det skal ikkje gjevast skjenkeløyve på stader berekna berre for barn under 18 år.
- Det kan fastsetjast redusert skjenketid for skjenkeløyve der lokalet ligg i bustadområde.
- Det vil ikkje verte tildelt skjenkeløyve til éin-prosents MC-klubber, eller klubber som sympatiserer med disse klubbene."

Tilleggsframlegg: Om praksis med aldersgrenser, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Kommunestyret viser til at det har vore problematisert frå ungdommen i Florø at det ikkje er skjenkestadar for myndige unge frå 18 år inntil dei fyller 20 år. Kommunestyret ber bransjen gjennom sin praksis med aldersgrenser om å legge til rette for at også denne befolkningsgruppa, som vi gjerne vil at skal finne kommunen attraktiv å bu i, kan nyte alkohol under ordna former som skjenkestader er, og ikkje berre bli henvist til andre uorganiserte arenaer. Kommunestyret tek difor atterhald om å kunne endre retningslinjene gjennom perioden og dermed også kunne sette vilkår ved tildeling av skjenkeløyver, dersom dette er eit problem som vedvarer. Det skal vere mogleg å ha utestadar med sakleg aldersgrense utover 18 år, men utfordringa oppstår i en situasjon der alle skjenkestadar har slike grenser som gjer at det ikkje finst eit einaste tilbod til myndige under 20 år.

Krav om allmenngjort tariff lønn, foreslått av Marie Kronen Tveranger, Kinn Rødt
Mindretallsforslaget fra HSOUV fra Raudt. Tekst leggst inn seinere.

Framlegg frå KrF, foreslått av Gustav Johan Nydal, Flora KrFKinn Kristelig Folkeparti
Tillegg til pkt 1 i HSU sitt vedtak. , med følgjande endringar: i tidspunkt for skjenking og uteservering: Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 kan skje frå kl 13.00 til 02.00. Skjenking av annan alkoholhaldig drikk kan skje frå kl 12.00 - 02 00

Krav om universell utforming, foreslått av Marie Kronen Tveranger, Kinn Rødt
Kinn Kommune krev at skjenkestadar som søker om skjenkeløyve skal ha universell utforming.

Offentlege og virksomheter retta mot allmennheten har plikt til universell utforming av virksomhetens allminnelege funksjoner .Med universell utforming meinast utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i dei fysiske forholda, slik at virksomhetens alminnelege funksjonar kan nyttast av alle menneske, uavhengig av funksjonsevne.

Det visast her til Lov om likestilling og forbud om diskriminering.

Punktvis røysting:

Tilleggsforslag om endring i punkt 1 i forslag til vedtak frå HSO frå repr. Jacob Nødseth

(V) - samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg: Om praksis med aldersgrenser frå repr. Jacob Nødseth (V) vedteke med 25 røyster, 14 røyster mot (10 H, 2 Krf og 2 SV).

Tilleggsframlegg - Krav om allmenngjort tariff lønn frå repr. Marie Kronen Tveranger falt med 4 røyster (Rødt).

Framlegg om tillegg til pkt 1 i HSU sitt vedtak frå repr. Gustav Johan Nydal (Krf) falt med 3 røyster (2 Krf og 1 Sp Kongsvik).

Tilleggsforslag om framlegg om universell utforming frå repr. Marie Kronen Tveranger (Rødt) falt med 4 røyster (Rødt).

KOST- 050/24 Vedtak:

Kinn kommunestyre vedtek alkoholpolitisk retningslinjer slik det kjem fram av vedlagte dokument; "Alkoholpolitiske retningslinjer 2024-2028" med slik presiseringa i punkt 6.5 og 6.6:

6.5 Uteservering

- Skjenkeløyve kan gjevast for uteareal som er ein naturleg forlenging del av ein godkjent skjenkestad.
- Dersom skjenkestaden ikkje eig grunnen for omsøkt uteservering, må det føreliggje godkjent leigeavtale med grunneigar før løyve kan gjevast.
- Skjenkeløyve kan gjevast ved særlege friluftsansettiment som festivalar, konsertar, messer etc., med mindre dei berre har barn under 18 år som målgruppe.
- Skjenkeareal på uteservering må vere klart avgrensa mot areal som ikkje er skjenkeareal.

6.6 Avgrensingar ved handsaming av skjenkesøknader

- Skjenkestaden anbefalast å ha meir enn ein godkjent stadavløysar.
- Det skal ikkje gjevast skjenkeløyve på stader berekna berre for barn under 18 år.
- Det kan fastsetjast redusert skjenketid for skjenkeløyve der lokalet ligg i bustadområde.
- Det vil ikkje verte tildelt skjenkeløyve til éin-prosents MC-klubber, eller klubber som sympatiserer med disse klubbene.

Kommunestyret viser til at det har vore problematisert frå ungdommen i Florø at det ikkje er skjenkestadar for myndige unge frå 18 år inntil dei fyller 20 år. Kommunestyret ber bransjen gjennom sin praksis med aldersgrenser om å legge til rette for at også denne befolkningsgruppa, som vi gjerne vil at skal finne kommunen attraktiv å bu i, kan nyte alkohol under ordna former som skjenkestader er, og ikkje berre bli henvist til andre uorganiserte arenaer. Kommunestyret tek difor atterhald om å kunne endre retningslinjene gjennom perioden og dermed også kunne sette vilkår ved tildeling av skjenkeløyver, dersom dette er eit problem som vedvarer. Det skal vere mogleg å ha utestadar med sakleg aldersgrense utover 18 år, men utfordringa oppstår i en situasjon der alle skjenkestadar har slike grenser som gjer at det ikkje finst eit einaste tilbod til myndige under 20 år.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 19.03.2024:

Krav om tariffavtale for innvilga skjenkebevilgningar, foreslått av Marie Kronen Tveranger, Kinn Rødt

Kinn Kommune er opptatt av eit seriøst arbeidsliv og å sikre arbeidstakare i kommunes overnattings og serveringsbransje lønnast etter tariff. Forskrift om tariffavtale for overnattings ,serveringsbransjen og cateringsbransjen skal følgast. .Bevilgningssøkar skal i søknadsprosessen redegjøre for om serveringstaden betalar sine tilsette etter tariff. Redegjørelsen vil vere ein del av grunnlaget for kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av bevilgningssøknad etter alkohollova §1—7a. Ved vurdering om bevilgning bør innvilgast,kan kommunen blant anna vektlegge antall salgs og skjenkestadar, stedets

karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk -og ordensmessig forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet ellers. Det kan også legges vekt på om bevilgningssøker og personar som nevnt i §1-7b første ledd er egna til å ha bevilgning. Kinn Kommune skal sikre utanlandske arbeidstakere lønns og arbeidsvilkår som er likeverdige med dei vilkår norske arbeidstakere har, og å hindre konkurransevridning til ulempe for det norske arbeidsmarkedet.

Krav om universell utforming, foreslått av Marie Kronen Tveranger, Kinn Rødt
Kinn Kommune krev at skjenkestadar som søker om skjenkeløyve skal ha universell utforming. Offentlege og private virksomheter retta mot allmennheten har plikt til universell utforming av virksomhetens alminnelige funksjonar. Med Universell utforming meinast utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i dei fysiske forholda, slik at virksomhetens allminnelige funksjonar kan benyttast av flest mogleg, uavhengig av funksjonsnedsettelse.
Det visast her til Lov om likestilling og forbud mot diskriminering.

Forslag fra SP, foreslått av Anita Eikevik, Kinn Senterparti
Utvalget oppfordrer utestedene i Florø til å se på mulighetene for å gi ungdom på 18 og 19 år inngang til utestedene.

Røysting over tilleggsforslag frå Rødt v/ Marie Kronen Tveranger

- Krav om tariffavtale falt med 1 røyst for og 8 i mot.

Røysting over tilleggsforslag frå Rødt v/ Marie Kronen Tveranger

- Krav om universell utforming falt med 1 røyst for og 8 i mot.

Røysting over tilleggsforslag frå Sp v/ Anita Eikevik

- Oppfordring til utestedane falt med 4 røyster (H v/ Sunde, 1 Frp, 1 Sp og i INP) og 5 i mot.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedteke med 8 røyster for og 1 røyst i mot (Rødt).

HSOUV- 014/24 Vedtak:


1. Kinn kommunestyre vedtek alkoholpolitiske retningslinjer slik det kjem fram av vedlagte dokument; «Alkoholpolitiske retningslinjer 2024-2028»

2. Løyver vert forlenga i 4 nye år (vedlagt liste), med utløp 30. september 2028, for eksisterande faste sals- og skjenkeløyve i Kinn. Dette gjeld også for utsala til Vinmonopolet

Vedlegg i saken:

Alkoholpolitisk retningslinje- 2024-2028 utkast til vedtak

Oversikt over gjeldande sals og skjenkeløyve



Saksnr.	Utval	Møtedato
015/24	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	19.03.2024
051/24	Kommunestyret	09.04.2024

Skjenkeløyve - Havfruen AS- Kraftstasjonen - 2020-2024

KOST- 051/24 Vedtak:

Havfruen AS, org. nr. 925 064 718, ved dagleg leiar Margrethe Gangsøy, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokaler for dette, Kraftstasjonen, Gate 1, 6700 Måløy. Løyvet gjeld til og med 30.09.2024.

Godkjent styrar	Edwin Stecuik Gangsøy, født 14.02.1997
Godkjent stadavløysar	Eline Stecuik Gangsøy, født 25.06.1999
Godkjent lokale	Kraftstasjonen restaurant, inne: 1 etg inngang og trapp, og 2 etg. Ute: mellombels løyve ute ved inngang, jf. Bilde og kart
Type verksemd	Restaurant og kafeteria
Alkoholware	Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Vilkår:

Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020-2024 .

Disposisjon av uteområdet er midlertidig. I avtala med grunneigar vil bruken av området være gjeldande fram til gate 1 prosjektet er starta, utgangen av 2024. Det er set opp maksimal mål på dette området. 1,5 meter frå husvegg og 8 meter bredde (husets bredde). Løyve om skjenking ute er kun gyldig så langt som grunneigar godkjenn det.

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Kraftstasjonen restaurant	08.00 - 02.00	13.00 - 02.00	03.00	03.00

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 19.03.2024

Havfruen AS, org. nr. 925 064 718, ved dagleg leiar Margrethe Gangsøy, får løyve til

servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokaler for dette, Kraftstasjonen, Gate 1, 6700 Måløy.
Løyvet gjeld til og med 30.09.2024.

Godkjent styrar	Edwin Stecuik Gangsøy, født 14.02.1997
Godkjent stadavløysar	Eline Stecuik Gangsøy, født 25.06.1999
Godkjent lokale	Kraftstasjonen restaurant, inne: 1 etg inngang og trapp, og 2 etg. Ute: mellombels løyve ute ved inngang, jf. Bilde og kart
Type verksemd	Restaurant og kafeteria
Alkoholware	Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Vilkår:

Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020-2024 .

Disposisjon av uteområdet er midlertidig. I avtala med grunneigar vil bruken av området være gjeldande fram til gate 1 prosjektet er starta, utgangen av 2024. Det er set opp maksimal mål på dette området. 1,5 meter frå husvegg og 8 meter bredde (husets bredde). Løyve om skjenking ute er kun gyldig så langt som grunneigar godkjenn det.

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Kraftstasjonen restaurant	08.00 - 02.00	13.00 – 02.00	03.00	03.00

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Havfruen AS, org. nr. 925 064 718, ved dagleg leiar Margrethe Gangsøy, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokaler for dette, Kraftstasjonen, Gate 1, 6700 Måløy.
Løyvet gjeld til og med 30.09.2024.

Godkjent styrar	Edwin Stecuik Gangsøy, født 14.02.1997
Godkjent stadavløysar	Eline Stecuik Gangsøy, født 25.06.1999
Godkjent lokale	Kraftstasjonen restaurant, inne: 1 etg inngang og trapp, og 2 etg. Ute: mellombels løyve ute ved inngang, jf. Bilde og kart
Type verksemd	Restaurant og kafeteria
Alkoholware	Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Vilkår:

Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020-2024 .

Disposisjon av uteområdet er midlertidig. I avtala med grunneigar vil bruken av området være gjeldande fram til gate 1 prosjektet er starta, utgangen av 2024. Det er set opp maksimal mål på dette området. 1,5 meter frå husvegg og 8 meter bredde (husets bredde). Løyve om skjenking ute er kun gyldig så langt som grunneigar godkjenn det.

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider	Opningstider
-------------	--------------	--------------

	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Kraftstasjonen restaurant	08.00 - 02.00	13.00 – 02.00	03.00	03.00

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune har motteke søknad om skjenkeløyve frå Havfruen AS, som ønskjer å starte restaurant i lokalet, Kraftstasjonen, Gate 1, Måløy. Dei søker om løyve til skjenking av alle sortar alkohol.

Saksopplysningar:

Havfruen AS hadde midlertidig skjenkeløyve på Kraftstasjonen i 2021 medan dei held på med ombygging/utviding av eigne lokale. Kraftstasjonen er godkjent som næring og servering, og har vore i drift i fleire år. I både kortare og lengre periodar. Arealet for skjenking er : 1 etg inngang, med trapp opp i 2 etg. I 2 etg er det restaurant og bar med ei trapp opp til toalett fasilitetar.

Havfruen AS har kjøpt Kraftstasjonen og ønskjer å utvide tilbodet med sommarkafé, og ulike arrangement.

Dei søker om skjenking inne i lokalet og ute på fortauet framfor bygget i gate 1, jamfør vedlagt teikning. Eigar av området ute er Kinn kommune. Havfruen Måløy har fått løyve til å disponere utearealet fram til gate 1 prosjektet er i gang, mest truleg ut år 2024. Uteområdet er avgrensa til 1,5 meter frå husvegg og husets lengde på 8 meter.

Vurderingar:

Havfruen AS er ein erfaren aktør i bransjen og har naudsynt dokument for servering og skjenking. Dei har serveringsløyve og skjenkeløyve ved Havfruen AS i Måløy og på Bakeriet i Deknepollen. Der har ikkje vore avvik i forhold til skjenkekontrollar. Det har tidlegare vore gjeve løyve til skjenking i lokalet Kraftstasjonen, og det er ikkje trong for noka ny regulering eller godkjenning av lokalet.

Søknaden er handsama i samsvar med serveringslova og alkohollova. Kommunedirektøren rår til at løyve vert gjeve som framlegget viser.

Økonomiske konsekvensar:

Det vil i samsvar med gjeldande lovverk bli gjennomført kontroll med utføring av det gjeve løyvet. Dette vert utført av det kontrollselskap kommunen har avtale med. Vidare vil Kinn kommune kvart år krevje inn gebyr for å inneha kommunalt løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk. Dette gebyret skal dekke dei utgifter kommunen har med oppfølging og kontroll med det gjeve løyvet.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk av 02.06.1989, nr. 27 \(alkohollova\)](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 08.06.2005 nr. 538 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 15.12.1994 nr. 1187 om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelavgjevinga.](#)

[Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer](#), godkjent i kommunestyre i sak

Behandling i Kommunestyret 09.04.2024:

Røysting:

Innstilling frå helse-, sosial- og omsorgsutvalet samrøystes vedteke.

KOST- 051/24 Vedtak:

Havfruen AS, org. nr. 925 064 718, ved dagleg leiar Margrethe Gangsøy, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokaler for dette, Kraftstasjonen, Gate 1, 6700 Måløy.

Løyvet gjeld til og med 30.09.2024.

Godkjent styrar	Edwin Stecuik Gangsøy, født 14.02.1997
Godkjent stadavløysar	Eline Stecuik Gangsøy, født 25.06.1999
Godkjent lokale	Kraftstasjonen restaurant, inne: 1 etg inngang og trapp, og 2 etg. Ute: mellombels løyve ute ved inngang, jf. Bilde og kart
Type verksemd	Restaurant og kafeteria
Alkoholware	Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Vilkår:

Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkoholova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020-2024 .

Disposisjon av uteområdet er midlertidig. I avtala med grunneigar vil bruken av området være gjeldande fram til gate 1 prosjektet er starta, utgangen av 2024. Det er set opp maksimal mål på dette området. 1,5 meter frå husvegg og 8 meter bredde (husets bredde). Løyve om skjenking ute er kun gyldig så langt som grunneigar godkjenn det.

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Kraftstasjonen restaurant	08.00 - 02.00	13.00 - 02.00	03.00	03.00

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 19.03.2024:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

HSOUV- 015/24 Vedtak:

Havfruen AS, org. nr. 925 064 718, ved dagleg leiar Margrethe Gangsøy, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokaler for dette, Kraftstasjonen, Gate 1, 6700 Måløy.

Løyvet gjeld til og med 30.09.2024.

Godkjent styrar	Edwin Stecuik Gangsøy, født 14.02.1997
Godkjent stadavløysar	Eline Stecuik Gangsøy, født 25.06.1999
Godkjent lokale	Kraftstasjonen restaurant, inne: 1 etg inngang og trapp, og 2 etg. Ute: mellombels løyve ute ved inngang, jf. Bilde og kart
Type verksemd	Restaurant og kafeteria
Alkoholvare	Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Vilkår:

Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020-2024 .


Disposisjon av uteområdet er midlertidig. I avtala med grunneigar vil bruken av området være gjeldande fram til gate 1 prosjektet er starta, utgangen av 2024. Det er set opp maksimal mål på dette området. 1,5 meter frå husvegg og 8 meter bredde (husets bredde). Løyve om skjenking ute er kun gyldig så langt som grunneigar godkjenn det.

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Kraftstasjonen restaurant	08.00 - 02.00	13.00 – 02.00	03.00	03.00

Vedlegg i saken:

Midlertidig disposisjon for bruk av uteområdet, Ny tegning
Kraftstasjonen tømt og klar for oppussing .JPG



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
016/24	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	18.03.2024
022/24	Oppvekst- og kulturutvalet	19.03.2024
052/24	Kommunestyret	09.04.2024

Kvalitetsmelding for grunnskulen i Kinn skuleåret 2023-24

KOST- 052/24 Vedtak:

1. Kvalitetsmeldinga for grunnskulen i Kinn skuleåret 2023-24 vert tatt til vitande.
2. Rådet er bekymra for utviklinga i at fleire elevar opplever mobbing og den drastiske auken i spesialundervisning. Vi må fortsette satsinga på spesialpedagogisk utdanning og legge tilrette for tilpassa undervisning i klasseromma, men også ved behov for skjerming.
3. For å motverke utanforskap, må skulane også ha fysisk tilpassa undervisningslokaler og uteområder. Det er også nødvendig med tilrettelagt undervisningsmateriell/kompetanse som kan brukast av elev og tilsett.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 18.03.2024

1. Kvalitetsmeldinga for grunnskulen i Kinn skuleåret 2023-24 vert tatt til vitande.
2. Rådet er bekymra for utviklinga i at fleire elevar opplever mobbing og den drastiske auken i spesialundervisning. Vi må fortsette satsinga på spesialpedagogisk utdanning og legge tilrette for tilpassa undervisning i klasseromma, men også ved behov for skjerming.
3. For å motverke utanforskap, må skulane også ha fysisk tilpassa undervisningslokaler og uteområder. Det er også nødvendig med tilrettelagt undervisningsmateriell/kompetanse som kan brukast av elev og tilsett.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 19.03.2024

Kvalitetsmeldinga for grunnskulen i Kinn skuleåret 2023-24 vert tatt til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kvalitetsmeldinga for grunnskulen i Kinn skuleåret 2023-24 vert tatt til vitande.

Bakgrunn for saka:

Det er fastsett i opplæringslova at skuleeigar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om

tilstanden i opplæringa. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar, dvs. kommunestyret jf. opplæringslova § 13-10, andre ledd.

Kvalitetsmeldinga er ein del av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet, og skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Skuleeigar står elles fritt til å utvide innhaldet i kvalitetsmeldinga. Etter vedtak i Kommunestyret (KOST-070/23) er det lagt inn eit punkt i rapporten knytt til arbeidsmiljø i oppvekstsektoren.

Kommunedirektøren legg no fram Kvalitetsmeldinga for grunnskulen i Kinn til politisk handsaming.

Saksopplysningar:

Informasjonen i kvalitetsmeldinga er henta frå skuleeigar sine skulebesøk og statistikk/prøveresultat frå aktuelle fagsystem for grunnskulesektoren. Kvalitetsmeldinga syner også korleis nokre av skulane i Kinn arbeider med læringsmiljø og grunnleggande ferdigheiter.

Kvalitetsmeldinga er viktig for skuleeigar sitt systematiske arbeid med å følgje opp skulane.

Kvalitetsmeldinga følgjer som vedlegg.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Opplæringslova § 13-10, andre ledd.

Behandling i Kommunestyret 09.04.2024:

Punkt 2 og 3 i innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre

1. Rådet er bekymra for utviklinga i at fleire elevar opplever mobbing og den drastiske auken i spesialundervisning. Vi må fortsette satsinga på spesialpedagogisk utdanning og legge tilrette for tilpassa undervisning i klasseromma, men også ved behov for skjerming.
2. For å motverke utanforskap, må skulane også ha fysisk tilpassa undervisningslokaler og uteområder. Det er også nødvendig med tilrettelagt undervisningsmateriell/kompetanse som kan brukast av elev og tilsett.

Punktvis røysting:

Tilleggsframlegg frå repr. Hilmar Eliasson vedtatt mot 1 røyst (Krf. Nydal).

Innstilling frå Oppvekst - og kulturutvalet med tilleggsforslag frå repr. Hilmar Eliasson (V) samrøystes vedtatt.

KOST- 052/24 Vedtak:

1. Kvalitetsmeldinga for grunnskulen i Kinn skuleåret 2023-24 vert tatt til vitande.
2. Rådet er bekymra for utviklinga i at fleire elevar opplever mobbing og den drastiske auken i spesialundervisning. Vi må fortsette satsinga på spesialpedagogisk utdanning og legge tilrette for tilpassa undervisning i klasseromma, men også ved behov for skjerming.
3. For å motverke utanforskap, må skulane også ha fysisk tilpassa undervisningslokaler og uteområder. Det er også nødvendig med tilrettelagt

undervisningsmateriell/kompetanse som kan brukast av elev og tilsett.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 19.03.2024:

Orientering v/rådgjevar oppvekst Marianne Nødset.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak enstemming vedtatt.

OPKUV- 022/24 Vedtak:

Kvalitetsmeldinga for grunnskulen i Kinn skuleåret 2023-24 vert tatt til vitande.

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 18.03.2024:

Nytt punkt 2, foreslått av Bente Nilsen, Kinn Sosialistisk Venstreparti
Rådet er bekymra for utviklinga i at fleire elevar opplever mobbing og den drastiske auken i spesialundervisning. Vi må fortsette satsinga på spesialpedagogisk utdanning og legge tilrette for tilpassa undervisning i klasseromma, men også ved behov for skjerming.

Nytt punkt 3, foreslått av Bente Nilsen, Kinn Sosialistisk Venstreparti
For å motverke utanforskap, må skulane også ha fysisk tilpassa undervisningslokaler og uteområder. Det er også nødvendig med tilrettelagt undervisningsmateriell/kompetanse som kan brukast av elev og tilsett.

Orientering frå skulefagleg rådgjevar Marianne Nødset.

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og tilleggspunkta frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne samrøystes vedteke.

RMNF- 016/24 Vedtak:

1. Kvalitetsmeldinga for grunnskulen i Kinn skuleåret 2023-24 vert tatt til vitande.
2. Rådet er bekymra for utviklinga i at fleire elevar opplever mobbing og den drastiske auken i spesialundervisning. Vi må fortsette satsinga på spesialpedagogisk utdanning og legge tilrette for tilpassa undervisning i klasseromma, men også ved behov for skjerming.
3. For å motverke utanforskap, må skulane også ha fysisk tilpassa undervisningslokaler og uteområder. Det er også nødvendig med tilrettelagt undervisningsmateriell/kompetanse som kan brukast av elev og tilsett.

Vedlegg i saken:

Kvalitetsmelding for grunnskulen 2023-2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
053/24	Kommunestyret	09.04.2024

Lovlegkontroll - kommunestyresak 021/24

KOST- 053/24 Vedtak:

1. Kommunestyret legg til grunn at vedtak i sak 021/24, punkt 1-3, er lovleg fatta med grunngjeving slik det går fram av saka.
2. Vedtaket vert oversendt til Statsforvaltaren til lovlegkontroll.
3. Kommunestyret ber om revisjon av økonomireglement for å definere og presisere Kinn kommune si forståing av kommunelova sine lovheimlar om økonomistyring.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret legg til grunn at vedtak i sak 021/24, punkt 1-3, er lovleg fatta med grunngjeving slik det går fram av saka.
2. Vedtaket vert oversendt til Statsforvaltaren til lovlegkontroll.
3. Kommunestyret ber om revisjon av økonomireglement for å definere og presisere Kinn kommune si forståing av kommunelova sine lovheimlar om økonomistyring.

Bakgrunn for saka:

Representantane frå AP, Ola Teigen, Silje Ødegård Stand og Doris Kristiansen, ber om kontroll av kommunestyret sitt vedtak i sak 21/24 «Gjenopning av kjøkken i Måløy». Dei skriv vidare;

«I sak til kommunestyret 15.2.2024 viser kommunedirektøren at det manglar 3,86 mill. kr. for å gjennomføre bestilling frå verbalpunkt 25 i budsjettvedtaket. I saka står det i punkt 3: Løyving vert innarbeidd i samband med handsaming i 1. tertial. Dette betyr at vi først i juni vil vite konsekvensane av vedtaket og kor midlane skal takast.»

Dersom kommunestyret ynskjer å unngå oversending av lovlegkontrollen til Statsforvaltaren har kommunestyret høve til endre sitt opprinneleg vedtak frå februar 2024 (sak 021/24).

Dei grunngjev lovlegkontrollen slik :

Med bakgrunn i kommunen sin økonomiske utfordringar med negativt driftsresultat, ei ubalanse i drift, auka låneopptak, eit budsjettvedtak kor inntektene er skrudd opp meir enn det regjeringa og KS legg til grunn, og ei underbudsjettering på fleire tenester, er underteikna urolege for om kommunestyret gjer realistiske disposisjon når driftstiltak av denne storleik vert oppretta utan budsjettering. Difor vil underteikna be departementet

om å gjere ei vurdering om vedtaket, ein lovlegkontroll, er innanfor realismekravet og balansekravet i kommunelova set til økonomistyring i kommunen med referanse til paragraf 14.4 og 14.5 i kommunelova.

Saksopplysningar:

KOST- 021/24 Vedtak:

1. Kommunestyret legg inn kr. 1 682 246 til gjenopning av kjøkkenet i Måløy til tenesteområdet Pleie og omsorg.
2. Kommunestyret løyver til kjøp av tenester frå KF Bordgleder, 2.184.000,- utover opprinneleg budsjett for 2023 til tenesteområdet Pleie og omsorg.
3. Løyving vert innarbeidd i samband med handsaming i 1. tertialrapport.
4. Kjøkkenet vert i Måløy vert starta så snart som råd, og seinast 06.05.2024.

Vedtak i saka

Oversikten viser saker som gjeld kjøkken drift i Kinn kommune. Kommunestyret har gjennom 2023 gjort vedtak om å inngå avtale om kjøp av lokalar utanfor institusjon i Florø for å bygge opp nytt kjøkken og vedteke gjenopning av nedlagt kjøkken i Måløy (sak 075/23 og 104/23). Investeringsavgjerda for nytt kjøkken er innarbeidd i 2. tertialrapport 2023, budsjett og handlingsplan for 2024-27.

Sak	Innhald og vedtak	Link til sak
183/22	Budsjett og handlingsprogram 2023-26: Kommunedirektøren skal legge fram ei sak om korleis kjøkkenet i Måløy kan gjenopprettast. Saka skal politisk handsamast i kommunestyret innan 01.03.2023	Kommunestyrevedtak
075/23	Framtidig kjøkkenløyving. Kommunestyret vedtok løyving med servering av varm mat for brukarane av kjøkkentenester	Kommunestyrevedtak
027/23	Orienteringssak - Notat - Kjøkkenet i Måløy. Formannskapet ynskte å sjå samanheng mellom oppretting av kjøkkenet i Måløy med konsekvensar for drift av kjøkkenet ved ny institusjon (etablering av 1 eller 2 kjøkken i kommunen)	Formannskapsvedtak
104/23	Vedtak om framdrift for ombygging av kjøkkenet i Hjellegata til erstatning for kjøkkenet i institusjon. Notat om utsetting av vedtak om opning av kjøkkenet i Måløy, p.g.a. kostnader, og nødvendig vurdering at tiltaket vart vurdert i samband med årsbudsjettet. Oppstart av kjøkkenløyving avhengig av løyving i budsjett, økonomiplan 2023-2027	Kommunestyrevedtak
143/23	Vedtak om å gå vekk frå servering av varm mat til institusjon og heimebuande i Florø. Redusert investeringsbehov.	Kommunestyrevedtak
145/23	Orientering til formannskapet om kostnader ved gjenopning av kjøkkenet i Måløy og auka kostnader til drift av kjøkkenløyving i Florø. Del av budsjetthandsaming. Auka kostnader på 4,1 mill. kr.	Formannskapet
179/23	Budsjettet føreset at Bordgleder ikkje leverer mat til Måløydelen av kommunen etter 1. april 2024, i tråd med kommunestyrevedtak. Budsjettet tek også inn over seg den store prisveksten som er i	Kommunestyre

	samfunnet, som får stor påverknad for kva det kostar å produsere middagar også for Bordgleder. Differansen mellom kva Bordgleder budsjetterer med og det kommunedirektøren har lagt inn i sitt budsjett for kva omsorgstenesta betaler for middag til omsorgstenesta i 2024 er kroner 2.778.765.- Bordgleder sitt budsjett har høgare betaling frå omsorgstenesta, enn det kommunedirektøren no seier han legg opp til at omsorgstenesta skal betale.	
179/23	Økonomiplan og handlingsprogram 2024- 27: Kommunedirektøren hadde innstilt på å utsetje oppretting av nytt kjøkken i Måløy, med utgangspunkt i manglande budsjettdekning. Kommunestyret vedtok : «Kommunedirektøren bes gjennomføre gjenopning av kommunalt kjøkken i Måløy, innan 1. Mars 2024. Kommunestyret ber kommunedirektøren komme tilbake med en sak i løpet av Januar 2024». «Kjøkkenet i Måløy skal gjenopnast gjennom at budsjett til matkjøp skulle delast med 40% på drift av kjøkken i Måløy og 60% til kjøp av tenester i Florø frå KF Bordgleder.»	Kommunestyrevedtak
021/24	Vedtak om gjenopning av Kjøkken i Måløy 6. mai 2024. Auka kostnader på 3,8 mill. kr, mogeleg å justere ned til 3,2 mill. kr. Finansiering av auka kostnader vert å komma attende til i 1. tertial	Kommunestyrevedtak

Generelt om lovlegkontroll:

Kommunelova § 27-1 gir tre eller fleire medlemmar av kommunestyret eller fylkestinget høve til å krevje at departementet kontrollerer om eit vedtak er lovleg. Mynde til å gjennomføre lovlegkontroll av kommunale vedtak er delegert til Statsforvaltaren, jf. F30.08.2019 nr 1096. Ordninga med lovlegkontroll er grunngjeve med omsyn til auka rettstryggleik, fremje tillit til forvaltninga. Den skal også sikre fagleg kvalitet på forvaltninga sin avgjerd, jf. Prop. 46 L (2017-2018) punkt 27.1.4. Klagen må fremjast innan tre veker frå vedtaket vart fatta, jf. § 27-1. Som utgangspunkt er det kun vedtak som avgjer realiteten i ei sak som kan bli fremja som lovlegkontroll. Det er kun endelege vedtak som det kan klagast på.

Rettsleg utgangspunkt:

Kommunelova : § 14-4.Økonomiplan og årsbudsjett

Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklingen i gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser. Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige.

Økonomiplanen skal deles inn i en driftsdel og en investeringsdel. Årsbudsjettet skal deles inn i et driftsbudsjett og et investeringsbudsjett og stilles opp på samme måte som økonomiplanen.

Kommunelova: § 14-5. Årsbudsjettets bindende virkning. Budsjettstyring

Årsbudsjettet er bindende for kommunestyret, fylkestinget og underordnede organer. Første punktum er ikke til hinder for at kommunestyret eller fylkestinget kan gi et underordnet organ myndighet til å avgjøre at deler av en bevilgning i driftsbudsjettet skal benyttes til å finansiere utgifter i investerings-regnskapet. Første punktum gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkes-kommunen har en rettslig plikt til å foreta. Kommunestyret eller fylkestinget skal endre årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylle lovens krav om realisme og balanse. Kommune-direktøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om utviklingen i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet. Hvis utviklingen tilsier vesentlige avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årsbudsjettet. Hvis årsregnskapet legges fram med et merforbruk i driftsregnskapet, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årets budsjett. Saken skal behandles av kommunestyret eller fylkestinget senest 30. juni

Veileder for økonomiplanlegging, KRD 2013 «Økonomiplanen må være basert på et realistisk og fullstendig grunnlag. Dette innebærer at arbeidet med økonomiplanen må bygge på en god forståelse av kommunens økonomiske situasjon. Som et minimum bør kommunen ha et forhold til sentrale nøkkeltall som netto driftsresultat, netto finansutgifter og gjeldsgrad, samt hvilke mål kommunen har for økonomien og for tjenestene»

NOU 2016, nr. 4 legg vekt på «Sentralt står lovens krav til budsjettbalanse og plikten til å dekke inn underskudd når kommunen har brukt mer midler enn det den har.

Prop. 46 L (Prop. 46 L (2017 –2018 Lov om kommuner og fylkeskommuner)

Legg vekt på kommunestyret sitt ansvar: «Kommuneloven må også slå fast at den øverste budsjettmyndigheten ligger hos kommunestyret alene. Det må være kommunestyrets ansvar å fastsette realistiske budsjetter innenfor det økonomiske handlingsrommet, gjøre de overordnede prioriteringene og avveie kortsiktige og langsiktige hensyn og følge opp at budsjettet blir gjennomført.»

Kommunen sitt økonomireglement gir også føringer for oppfølging av budsjett og økonomiplan i samsvar med kommunelova.

Økonomireglementet – Kinn kommune – punkt 7.2 Rapporteringen til kommunestyret må i praksis gå via formannskapet som skal innstille til eventuelle endringer i årsbudsjettet, jf. § 14 5, 3 ledd. Andre gir kommunedirektøren plikt til å foreslå endringer på inneværende budsjett hvis utviklingen i inntekter og utgifter tilsier at det vil oppstå vesentlige budsjettavvik. Bestemmelsen innebærer at det ikke er tilstrekkelig for kommunedirektøren å bare melde fra om at det må forventes avvik.

Økonomireglementet – Kinn kommune – punkt 7.3

For 1. tertial og 2. tertial i året skal kommunedirektøren utarbeide rapporter med regnskapsoversikter og års prognoser for de enkelte rammeområdene og for kommunen samlet. Tertialrapporten skal beskrive den økonomiske utvikling i tjenesteproduksjon i forhold til tallbudsjett og aktivitetsplaner. Rapporten skal inneholde en sammenstilling av parodierte tallbudsjett og aktivitetsplaner. Rapporten skal inneholde en sammenstilling av periodisert tallbudsjett, akkumulert Rekneskap og prognose for året.

Vurderingar:

Rettslege og faktiske vurderingar:

Det kjem fram i kommunelova § 14-5 at årsbudsjettet er bindande for kommunestyret, jf. § 14-5, første ledd første punktum. Lovheimelen inneber at kommunestyrets løyvingar i årsbudsjettet ikkje kan bli vike frå, heller ikkje av kommunestyret sjølv, utan at

kommunestyret vedtar å endre årsbudsjettet.

Etter §14-5, andre ledd, skal kommunestyret endre årsbudsjettet «når det er nødvendig for å oppfylle lovens krav om realisme og balanse». Heimelen inneber ein generell plikt for kommunestyret til å endre årsbudsjettet når utviklinga i inntekter og utgifter til seier at endringar er naudsynt for å ha eit realistisk budsjett i balanse.

Det følger av tredje ledd at kommunedirektøren minst to gangar i året skal rapportere til kommunestyret om utviklinga i inntekter og utgifter, samanhalde med årsbudsjettet. Hvis utviklinga tilseier vesentlege avvik, skal kommunedirektøren fremje endringar i årsbudsjettet.

Klagen er sett fram rettidig, kommunelova § 27-1

Klagen er datert 06.03.2024. Klagen er dermed rettidig framsett. Også kravet om at klagen skal være satt fram av minst tre representantar av kommunestyret er oppfylt.

Kommunestyret har fatta vedtak om å opprette kjøkken i k-sak 075/23. Budsjettvedtaket avgjorde å gjenopne kjøkken i Måløy i vedtak 177/23. Kommunestyret vart gjort merksame på økonomiske konsekvensar av vedtaket, men vurderte desse annleis i samband med sine vedtak i dei nemnde sakene.

Vedtak i februar 021/24 er prosessleiane, kommunelova §27-2

(gjeld vedtakspunkt 4)

Det fylgjer av rettleiar H-2299 at det er kun vedtak om saka si realitet som kan bli kontrollert av departementet. Det er argument for å hevde at kommunestyret si avgjerd i vedtak 21/24 ikkje er eit sjølvstendig og endeleg vedtak, men meir å sjå på som eit prosessleiane avgjerd, som ikkje skal bli kontrollert, jf. kommunelova § 27-2, annet ledd bokstav a). Prioriteringa av tiltaket, og stadfesting av oppretting av nytt kjøkken i Måløy, er gjort i budsjett- og økonomiplan vedtaket, ref. k-sak 177/23.

§ 27-2.Hva som kan lovlighetskontrolleres.*Følgende kan lovlighetskontrolleres:*

- a. endelige vedtak som er truffet av et folkevalgt organ eller den kommunale eller fylkeskommunale administrasjonen*

Vesentleg endring av budsjett, i samsvar med kommunelova §14-5

(gjeld punkt 1,2 og 3 i k.sak 021/24)

Når kommunestyret handsama spørsmål om oppstart av kjøkkendrifta i sak 021/24 gjekk det fram at dei økonomiske konsekvensane var annleis enn kommunestyret hadde sett føre seg. Sak 021/24 peika auka kostnader på 3,8 mill. kr, mogeleg å justere ned til 3,2 mill. kr. Finansiering av auka kostnader vert å komma attende til i 1. tertial. Dette går fram av vedtak sine punkt 1, 2 og 4 i sak 021/24.

I denne samanheng er det relevant å vurdere om kommunestyret samstundes hadde plikt til å finansiere endringa i kostnader for tiltaket. Kommunelova krev at årsbudsjettet blir teke til ny handsaming om det oppstår svikt i inntektene og utgiftene aukar vesentleg (§14-5, 2 og 3) slik at kravet til balanse ikkje vert møtt.

Kinn kommune er i ein situasjon der ein har nytta disposisjonsfond til inndekking av løpande utgifter i 2024. Kinn kommune har i 2024 budsjettert med 0 i netto driftsresultat, mot anbefalt 1,75% av driftsinntektene (Teknisk Berekningsutval). I 2023 hadde også Kinn kommune budsjettert med å bruke 29 mill. kr. av disposisjonsfondet. Kinn kommune har store låneopptak i 2024, og i åra som kjem. Med eit slikt

utgangspunkt bør ikkje Kinn kommune gjennomføre reformar og ta på seg større utgifter utanom forsvarleg inndekking. Spørsmålet blir då om kostnadendringa er så **vesentleg** at årsbudsjettet må takast til ny handsaming (budsjettrevisjon), og vil være eit brot på kommunelova § 14-5.

Det går ikkje fram av NOU 2016, nr. 4 eller *Prop. 46 L (Prop. 46 L (2017 –2018 «Lov om kommuner og fylkeskommuner»* kva som er meint med «vesentleg», korleis dette skal bli forstått, kva praktisk verknader dette har m.v. Kommunelova krev realistisk budsjettert, inndekking av utgifter til drifta og krav til budsjettbalanse. I forarbeida til kommunelova er det peika på at det er kommunestyret sitt ansvar for å sjølv å vurdere desse spørsmåla i sine eigen vedtak. Såleis er det kommunestyret sitt skjøn som til slutt er avgjerande for praktisering av kommunelova sin heimlar for økonomiforvaltning forutsett at dei ytre rammene er brotne. Kommunestyre skal prioritere bruk av inntekter og setje seg økonomiske mål for nettodriftsresultat, storleik på disposisjonsfond, gjeldsutvikling m.v. Plikta gjeld også å setje opp budsjett, økonomiplan etter gjeldande reglar.

Kommunedirektøren finn ikkje at kommunestyrevedtak 021/24 er i strid med §14-5. Endring i kostnader frå budsjetthandsaming tidspunktet til vedtaket (021/24) kan såleis ikkje være «vesentleg» når ikkje kommunestyret sjølv fann å endre budsjettet. Kommunen sitt økonomireglement krev berre at det i samband med tertialrapportane først skal leggjast fram endringa av budsjett (punkt 7.2). I praktisk utøving av løpande budsjettoppfølging er det gitt føring på at det først er ved dette høve budsjettet skal regulerast. Ein må også kunne forstå dette dit at kommunestyret ynskjer å samle endringspostar til ei slik sak.

Kommunedirektøren meiner at kommunestyre bør vurdere justering av økonomireglementet. Det er fleire eksempel på at økonomiplan og årsbudsjett ikkje er teke opp til ny vurdering sjølv om kommunestyre har gjort vedtak som bind ressursar eller ikkje har inndekning for nye/endra drift/investeringstiltak. Kjøkkensaka som vart handsama i juni 2023, og vedtak om utsending av anbod på Skram Skule i mai 2023, er døme på dette.

Kommunedirektøren har også fremja saker med økonomiske utfordringar, og med vedtak om å jobbe vidare med problemområde, fram mot budsjettrevisjon eller årsbudsjett. Også her er det ei balanse mellom å formidle at ein jobbar med konkretisering av vedtak. Det være seg gjennomføring av omstillingstiltak, endringar m.v. opp mot krav til regulering av budsjett løpande. I praksis er det også vanskeleg å finne andre praktiske løysingar på endring av årsbudsjettet for ein stor organisasjon som Kinn kommune, anna enn ved tertialrapportane eller årsbudsjettet.

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Behandling i Kommunestyret 09.04.2024:

Punktvis røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak punkt 1. vedteke mot 12 røyster (8 Ap, 2 Krf, 2 V Eliasson og Nødseth).

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak punkt 2. samrøystes vedteke.


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak punkt 3. vedteke mot 6 røyster (4 Rødt) og 2 Frp, Holme og Eikås).

KOST- 053/24 Vedtak:

1. Kommunestyret legg til grunn at vedtak i sak 021/24, punkt 1-3, er lovleg fatta med grunngjeving slik det går fram av saka.
2. Vedtaket vert oversendt til Statsforvaltaren til lovlegkontroll.
3. Kommunestyret ber om revisjon av økonomireglement for å definere og presisere Kinn kommune si forståing av kommunelova sine lovheimlar om økonomistyring.

Vedlegg i saken:

Lovlegkontroll - kommunestyresak 021/24



Saksnr.	Utval	Møtedato
054/24	Kommunestyret	09.04.2024

Val av medlemmer til sakkyndig nemnd og overtakstnemnd for eigedomsskatt 2023 - 2027 - Retting av feil val

KOST- 054/24 Vedtak:

1. Nytt 2. varamedlem i sakkyndig nemnd for eigedomsskatt vert Vidar Flister (SP).

2. Oppdatert liste for sakkyndig nemnd for eigedomsskatt frå 09.04.2024 vert slik:

Leiar: Bjarne Holme (FrP)

Nestleiar: Heidi Borge (SP)

Medlem: Ralf Einar Johannessen (AP)

1 varamedlem: Øystein Sandøy (H)

2 varamedlem: Vidar Flister (SP)

3 varamedlem: Sølvi Grov (FrP)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Nytt 2. varamedlem i sakkyndig nemnd for eigedomsskatt vert Vidar Flister (SP).

2. Oppdatert liste for sakkyndig nemnd for eigedomsskatt frå 09.04.2024 vert slik:

Leiar: Bjarne Holme (FrP)

Nestleiar: Heidi Borge (SP)

Medlem: Ralf Einar Johannessen (AP)

1 varamedlem: Øystein Sandøy (H)

2 varamedlem: Vidar Flister (SP)

3 varamedlem: Sølvi Grov (FrP)

Bakgrunn for saka:

SP v/gruppeleiar har meldt i frå at Ronny Magnussen er valgt inn både som 2. varamedlem i sakkyndig nemnd, og som medlem i overtakstnemnd for eigedomsskatt, for perioden 2023 – 2027. Valet vart gjort i sak 127/23 i k-møte 05.10.2023. Dette må rettast opp då ein ikkje kan vere vald inn i begge desse nemndene i same politiske periode.

Saksopplysningar:
Vedtak sak 127/23:

Fylgjande vert vald til medlemmar og varamedlemmer til Sakkyndig nemnd:

Leiar: Bjarne Holme (FrP)
Nestleiar: Heidi Borge (SP)
Medlem: Ralf Einar Johannessen (AP)

1 varamedlem: Øystein Sandøy (H)
2 varamedlem: Ronny Magnussen (SP)
3 varamedlem: Sølvi Grov (FrP)

Fylgjande vert vald til medlemmar og varamedlemmar til overtakstnemnd:

Leiar: Lasse Seim (V)
Nestleiar: Ingvar Torsvik Myrvollen (H)
Medlem: Unni Giil (FrP)
Medlem: Ronny Magnussen (SP)
Medlem: Ninja Tolo Ness (AP)

1 varamedlem: Oddvar Endestad (SP)
2 varamedlem: Dagrun Almenning Kvalheim (H)
3 varamedlem: Stig Flølo (FrP)
4 varamedlem: Martin Inge Eikås (FrP)
5 varamedlem: Eldbjørg Hennøy (SP)

Møter i Overtakstnemnda for eigedomsskatt og Sakkyndig nemnd i perioden oktober 2023 – mars 2024:

Overtakstnemnda for eigedomsskatt har i perioden oktober 2023 – mars 2024 ikkje hatt møte.

Sakkyndig nemnd har hatt eit møte 20.02.2024, Ronny Magnussen hadde då meldt forfall. Det føreligg difor ikkje noko konflikt mht deltaking i møter i begge desse nemndene frå Magnussen si side.

Vurderingar:

Senterpartiet v/gruppeleiar har meldt at dei ønskjer at Ronny Magnussen fortset som medlem i overtakstnemnd. Det må difor veljast ny vararepresentant nr. 2 i sakkyndig nemnd.

Senterpartiet har fremma Vidar Flister som nytt 2. varamedlem i sakkyndig nemnd.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Eigedomsskattelova § 8 og § 20.

Behandling i Kommunestyret 09.04.2024:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 054/24 Vedtak:

1. Nytt 2. varamedlem i sakkyndig nemnd for eigedomsskatt vert Vidar Flister (SP).

2. Oppdatert liste for sakkyndig nemnd for eigedomsskatt frå 09.04.2024 vert slik:

Leiar: Bjarne Holme (FrP)


Nestleiar: Heidi Borge (SP)

Medlem: Ralf Einar Johannessen (AP)

1 varamedlem: Øystein Sandøy (H)

2 varamedlem: Vidar Flister (SP)

3 varamedlem: Sølvi Grov (FrP)



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
055/24	Kommunestyret	09.04.2024
	Kommunestyret	

Spørsmål

KOST- 055/24 Vedtak:

Behandling i Kommunestyret 09.04.2024:

Spørsmål v/ <parti/representant>

Svar frå ordførar:

KOST- 055/24 Vedtak:

Underliggende sak:

004/24, Spørsmål til kommunestyret - 09.04.2024 - Intensjonsavtale sal av kai G-området



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
056/24	Kommunestyret	09.04.2024
	Kommunestyret	

Interpellasjonar

KOST- 056/24 Vedtak:

Behandling i Kommunestyret 09.04.2024:

KOST- 056/24 Vedtak:

Underliggende sak:

006/24, Interpellasjon til kommunestyret - 09.04.2024 - Kjernekraft, løsning på fremtidens energibehov?

007/24, Interpellasjon til kommunestyret - 09.04.2024 - Uteområde Florø barneskole

008/24, Interpellasjon til kommunestyret - 09.04.2024 - Bygninger til forfall i Måløy og Flora sentrum

009/24, Interpellasjon til kommunestyret - 09.04.2024 - Etablering av nærvarmeanlegg

010/24, Interpellasjon til kommunestyret - 09.04.2024 - Sanksjoner Israel